

# Unctad IV og Frans av Assisi

Konferansen i Nairobi om global resursdeling er over. Biskopane tilrådte bøn i kyrkjene våre for konferansen. Vi trur på bøn og forbøn. Men kristen bøn ledar alltid til aksjon fordi Gud viser det åpne mennesket sine vegar.

Rett deling mellom I- og U-land! På statsplan? Visst trengst det ein ny politikk. Men på privatplan? Samfunnet er enkeltmennesker, og enkeltmennesket kan påverke samfunnet. Kva med vårt alkoholkonsum som stig og stig? Kva med privatbilismen som kvar familie brukar like mye økonomi til som til mat? Kva med feriestresset? Klesmotane? Kast- og bruk mentaliteten? Kva med vår deltaking i lønsgaloppen?

Det rette og beste er frivillig brorskap utan grenser etter Jesu føredøme. Misjonen har vist oss ein veg. Men kanskje vi treng ein sterkare reformator som Frans av Assisi og hans gråbrødre. Vi kristne må tenkje gjennom fattigdomsidealet — vår eigedom er tenkt til å sjå til Guds minste små med. La oss i Jesu namn gå i Frans sine fotefar!



## Ikkje alt —

frå kyrkjeaktivitetane i sommar kan vi presentere med biledstoff. Vi når ikkje over alt med fotoapparatet, og heller ikkje for å referere. Arsmøta og stemna til Trøndelag kr. sengerforbund, Det norske misjonsselskap, Indremisjonsselskapet og Den Indre Sjømannsmisjonen blei vellykka arrangement som inspirerte både den lokale menighet og dei tilreisande. Om noe undrar oss i denne samanheng så må det vere lokalpressa vår som er langt dårlegare referent enn oss i så måte. Skulle ikkje desse store kretsarrangementa interessere like mye som ein lokal fotballkamp? Dette er ein mild kritikk.

Bilda våre no er frå Solsjøleiren. Det blei ein god leir. Stormnatta vi fekk la ned halvdelen av telta, men dei fleste blei reist igjen. Bilda syner ulike aktivitetar. På framsida har vi Tormod Klingen og Randveig Tronvoll i kano, og ein skare unge med opprette hender mot korset. Speiding er både åndeleg og praktisk trening. Vi skal få glede oss i det Gud har skapt av godt i alle forhold, men største gleda av alt er å få tilbe Jesus — den korsfeste og oppstandne. Meir inne i bladet.

---

# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 7

SEPTEMBER 1976

25. årgang

---



## SLEKTERS GANG



## Døpte

- Orkland**  
 20.6.: Kristin Eidhamar  
 27.6.: Bjørn Skjetne (Børsa k.)  
 11.7.: Siv Inger Stene  
 Wenche Gunnes  
 Karin Rikstad  
 Kristin Snildal  
 Ronny Melby  
 Rune Spjøtvold  
 Thomas Lomundal  
 Thomas Blomli
- Orkanger**  
 6.6.: Fredrun Simonsen  
 20.6.: Unni Hegglund  
 4.7.: Gaute Heien Solem  
 Morten Andreas Ustad  
 Marthe Cecilie Garberg  
 25.7.: Kristin Landstad (Meldal k.)  
 Jonny Martinsen  
 Jørgen Sætre  
 Geir Vikvald  
 Bengt Sverre Leknes  
 David Hanselmann, (Bergen domkirke)  
 15.8.: Trond Jomar Hansen  
 Elisabeth Waage
- Geitastrand**  
 23.5.: Odd Ivar Sletvold
- Orkdal**  
 6.6.: Turid Langtind  
 Einar Walstad  
 Bjørn Magne Oddli  
 Anne Lise Kjelstad  
 13.6.: Trygve Mjølhus  
 20.6.: Anders Stene Johannessen  
 Mona Sæther  
 4.7.: Odd Arve Blomli  
 18.7.: Johan Svorkmo  
 Arnstein Larsen  
 Roar Ljøkeløy  
 Frank Lynum  
 Anne Marit Nygård  
 Aslaug Kristin Løkkbakk  
 Marie Vullum  
 Aud Inger Voldøien  
 Sølvi Druglino  
 22.8.: John Erling Bye  
 Harald Remy Kobberød  
 Roger Aakerholm  
 Jan Åge Risli  
 Tore Kvåle

Terje Nyhus  
 Bianca Lund



## Vigde

- Orkland.**  
 3.7.: John Olaf Asbøll og  
 Aud Astrid Amot  
 Johan Bue og  
 Liv Astrid Fagerli  
 17.7.: Verner Bentsen og  
 Målfrid Opøyen  
 24.7.: Øystein Fagerli og  
 Mari Singstad (Lensvik k.)  
 31.7.: Karl Gerhard Blokkum og  
 Elfrid Johanne Øvervik (Hølanda k.)
- Orkanger**  
 5.6.: Eirik Rønning og  
 Torbjørg Johnsgård (Tretten k.)  
 10.7.: Harald Snildal og  
 Anne-Grete Beistad  
 24.7.: Johan Bernhard Andersen og  
 Marit Rostad  
 Anton Olaf Rikstad og  
 Ann-Kristin Oddan (Snillfjord k.)  
 Helge Johansen og  
 Marit Astrid Volden (Hemne k.)  
 14.8.: Geir Solbu og  
 Anne-Britt Nilsen
- Geitastrand.**  
 24.7.: Frode Kjøren og  
 Tove Grotnes
- Orkdal.**  
 2.6.: Johan Fredrik Simonsen og  
 Liv Kjellrun Engen (prktr.)  
 5.6.: Magne Eivind Nygård og  
 Karin Sandvik  
 Jan Even Sluphaug og  
 Marte Johanne Snildal  
 Erik Rønning og  
 Torbjørg Johnsgård (Tretten K.)  
 12.6.: Leif Jørgen Ugedal og  
 Sigrun Kvakland (Roan k.)  
 19.6.: Arne Solem og  
 Eva Helene Heien  
 Kjell Arne Gangås og  
 Marianne Dørum (Oppdal k.)  
 26.6.: Hans Petter Grova og  
 Åse Synnøve Larsen  
 3.7.: Per Dagfinn Wolden og  
 Mildrid Marie Gjervan

SØVASSKJØLEN  
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.  
 EI KIRKESAK FOR ALLE  
 I ORKDAL.

- Torbjørn Hermann Jenssen og  
 Dagrun Søvasli  
 10.7. Jan Snildal og  
 Solfrid Andersen  
 Albert Reijo Nevalainen og  
 Sigrid Hovde  
 17.7.: Jan Atle Eriksen og  
 Kjersti Hartveit  
 24.7.: Helge Meyer og  
 Turid Øyasæter  
 31.7.: Per Oskar Andersen og  
 Anne Margrethe Metli  
 Asgeir Opsal Løkken og  
 Ingrid Aunemo  
 7.8.: Gunnar Gausdal og  
 Solveig Solem  
 14.8.: Alf Kristian Lystad og  
 Berthe Mjønesaune  
 21.8.: Steinar Klungervik og  
 Britt Kirsten Simonsen  
 Atle Salberg og  
 Sigrunn Jorild Fagerholt (prktr.)



## Døde

- Orkland**  
 9.8.: Ole Lillebakken f.1897  
 f. 1879  
 27.6.: Olga Elida Wedul f.1906
- Orkanger**  
 7.6.: Maren Hansen f.1888  
 12.6.: Berit Øberg f. 1900  
 18.6.: Karen Wuttudal f.1885  
 25.6.: Per Øvre f.1911  
 4.7.: Håkon Hoff f.1898  
 6.7.: Ulrik Olsen f.1916  
 9.7.: Frida Ulsund f.1894  
 9.8.: Ole Lillebakk f.1897  
 11.8.: Johan Annar Mathisen f.1918
- Orkdal**  
 24.5.: Johanne Selnes f. 1894  
 1.6. Anders Bye f.1893  
 3.6.: Olav Gisvoldløkk f.1897  
 6.6.: Anna Kristine Berg f.1911  
 11.6.: Ole Arthur Bysting f.1907  
 16.6.: Ingrid Sandvik f.1921  
 17.6.: Fridtjof Digerås f.1910  
 27.6.: Gustav Brekstad f.1898  
 25.7.: John Mangido Kjønli f. 1919  
 28.7.: Julie Lien f.1899  
 3.8.: Harald Evjen f.1914  
 12.8.: Ingeborg Buan f.1897  
 14.8.: Malford Garberg f.1909
- Geitastrand.**  
 9.6.: Beret Furuhaug f.1900  
 1.8.: Trine Svorkdal f.1883

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:  
 Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkel  
 Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:  
 Sigmund Haugset.

Kasserar:  
 Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Nedtrapping av  
skolebudsjetta!

Med denne fengende overskrifta ønskjer vi skolane til lykke med nytt og krevande arbeidsår. Sidan så stor prosent av oss anten går på skole eller er tilsett i skoleverket bør det interessere alle det som foregår der.

Det er godt vi ikkje sit i skolestyret med bestemmande mynde. For overskrifta syner tydeleg at vi ikkje er tilhengarar av stendig vekst og utvikling. Det vi er ute etter er ikkje å redusere skolens nødvendige og sentrale stilling, men at skolen ikkje må bli isolert. Skolen må alltid stå i samarbeid med alt anna samfunnsliv.

Heldigvis har det blitt reist spørsmål om forholdet skole og næringsliv i det siste. Ein har hatt utplaseringsar i arbeidslivet for kortare og lengre tidsrom. Vi som gjekk på barneskolen i førtiåra og deromkring veit kva verdiar det låg i det å gå på skole ein dag og vere gards- og skogsarbeidar den andre. Den nærkontakt dette skapte med arbeidsmiljø, voksemiljø og bygdemiljø ville vi ikkje mangle. Vårt uskrivne, men beste eksamenspapir har vi derifrå. Samfunnet har endra seg, delvis på grunn av kortsynt og dum politikk om sentralisering m.a., men det måtte finnast løysing på eit pedagogisk program som dette: Kvar skoleelev i nødvendig kon-

takt med ei eller anna form for praktisk arbeidsliv.

Og kvifor ikkje stille same program for lærarpersonalet. I gamle dagar var læraren klokke og dreiv klokkargard. Altså midt i menigheten, midt i bonde-samfunnet. Lærarstanden i vår tid er blitt isolert bort frå begge. Læraren må først tilbake til nærkontakt med samfunnet. Vi er klår over at vi no trakkar i eit lett sårbart blomsterbed, men mild kritikk er alltid sunt. Kanskje lærarutplasing i fabrikk eller fjøset ville vere bra? Eller på klokkekarstolen?

Samfunnet vårt har satsa ein-sidig voldsomt på skoleverket medan fritt organisasjonsliv av ulike former har vore stebarn. Vi kjem rett frå ein speidarleir med 13.269 deltakarar. Her jobba i hundrevis på hundrevis av ledarar gratis og glade, dei betalte sin leirkontingent likt med speidarane og brukte si fritid. Og ei slik planlegging og livsinnstilling er ikkje lagt berre til ei veker leir. Vi er viss om at for svært mange barn og unge betyr ei veker speidarleir meir enn tre månads skole i vekst og utvikling. Når ein så veit kva slags økonomisk støtte samfunnet gir slikt arbeid så kjem det i grell kontrast til skolesløseriet. Det offentlege burde lære seg å satse på idealismen.

Eit pedagogisk program måtte det og vere å få eit meir nære samarbeid mellom skole og organisasjonsliv. Til dømes med at elevlar blir utplassert i organisasjonslivet. At ein elev fekk ei veke fri for å sette seg inn i pensjonistane sine forhold, vere med på eldresamling, bo hos eit eldre ektepar m.v. At ein patruljeførar i speidarane fekk 14 dagar fri til å løse ei spesialoppgåve for speidartroppa si. Eller at klassen tok fri frå skolelokalet ein dag for å vere med i gravferd. Døden høyrer som kjent med til livet.

Det er noen profetar som har slått til lyd for at skolen skal vere åpen til ettermiddagsaktivitetar for elevane. På skole heile dagen altså. Rett nok med ei

Framh. s. 7.

Fråhaldsorganisasjonar  
i Orkdal

Vi har planar med tida å få gitt ut eit spesialnummer av menighetsbladet om arbeidet for fråhaldsaka i Orkdal prestegjeld. Og i den samanheng kome med aktuell alkoholpolitikk i dag. Vi vonar at edruskapsnemnda kan støtte oss i eit slikt tiltak.

Men vi treng hjelp til registrering av arbeidet som har vore i gang. Er det noen som har stoff om dette, minner, bilder, så ver vennleg å gi oss tips om dette så arbeidet blir så fylldig som muleg.

Eit slikt arbeid trur vi ikkje berre vil ha historisk interesse, men vil vere til hjelp i å forme alkoholpolitikken i dag. Det er forhold i full utvikling som samfunnet må ta høgst alvorleg.



## Gamalt speidarbilde

Jon Bakken, som no raskt nærmar seg 90, dreiv speidararbeid på Svorkmo for 50 år sidan. Bildet ovanfor er frå ein patrulje/troppstur ute i det fri, og stammar vel frå 20-åra. Kanskje noen besteforeldre kjenner seg igjen?

Jon Bakken køyrer framleis moped i god gamal stil. Han var offiser i militære, og sat lenge i tysk fangenskap. Han har vore aktivt med i mang slags frivillig organisasjonsliv. Kanskje det er arbeidet for totalt fråhald frå alkohol som har opptatt han mest. Vi veit at fråhaldsarbeidet sto sterkt i bygda for ein generasjon sidan.

Jon Bakken var æresgjest ved åpninga av Solsjøleiren. Speidarane på Svorkmo har fått speidarhatten hans til suvenir. Det er eit bra minne.



VÅR MENIGHET

**Res. kap. Inge Eidhamar** har permisjon frå 30.8 —15.11 for å ta del i kurs i sjelesorg ved Modum Bads Nervesanatorium, Vikersund. Soknepresten Ola Rise vil vikariere. Menighetsbladet i oktober og november vil bli redigert av prost Kaare Rogstad Stoff må da sendast til han.

**Hilde Lundquist, Orkanger** tek i haust til på teologistudiet ved Oslo universitet. Frå før har menighetene våre ein teologistudent til i Oslo, nemleg Arne Dalen frå Svorkmo som tek til på sitt tredje år på Menighetsfakultetet.

**Ei gruppe studentar** frå Menighetsfakultetet vil elles besøke prestegjeldet i sept. Det blir møter på Svorkmo misjonshus søndag 19.9. kl. 19,30 og på Fannrem måndag 20.9 kl. 19,30. Ledar blir landssekretær/pastor Gunvald Bjotveit.

**Det er håp i hangande snøre** for det fortelst at ikkje mindre enn to unge teologar har vore innom Orkanger i sommar for å undersøke om kalls-kapellanstillinga der ville vere søkbar for dei. Så kanskje det blir prest der til nyttår?

**Minnefonda** i Orkdal og Orkanger sokn kan frå no av også få hjelp av bankane på Orkanger og Fannrem til sal av blankettar til minnehelsing ved gravferd. Minstesum for helsing er kr. 10. Geitastrand minnefond er kome i godt gjenge. Orkland minnefond får no trykt nye blankettar og omslag. Sjå annonse i bladet.

**Savasskjølen fjellkyrkje** I finansieringsplanen var det rekna med kr. 100.000,— i innsamla midlar for og under bygginga. Vi har alt nådd kr. 75.000,—. Kanskje vi når kr. 100.000,— før jul i år, og det for bygginga er sett i gang? Vi satsar på det, og minner om postgiro som finst i annonse annan stad i bladet, og om Orkdal sparebank og Forretningsbanken som begge har bankgiro for oss og konto. Tegningen er alt innkjøpt og i våre

hender. Stikking av veg blir ferdig i haust, og muleg også opparbeidinga. Opplegging av strauum skal også etter planen gjerast i haust. Tømmeret som blei forsinka nedhogd og køyrt p.g.a. den spesielt snøfulle vinteren skal bli nedhogd og forsøkt tilkøyrst sag no. Vi har fått ein del positive svar på lånesøknader. Resten avheng no om kva stilling Orkdal kommune tek til søknader/ev. leirskoleprosjekt.

Alt tyder på at det skal halde som vi dristig og optimistisk sette oss til mål: **Byggestart mai/juni 1977!**

## Overlege Gordon Johnsen kjem til Orkdal

F.v. overlege ved Modum Bads Nervesanatorium Gordon Johnsen kjem på taleferd til Trøndelag i midten av september. For første gong legg han vegen om Orkdal, og det vil bli høve for alle orkdalingar til å høyre denne namngjetne personlegdom.

Laurdag 18.sept. vil det bli skipa til festkveld i samfunnshuset på Grøtte og søndag 19.sept. vil overlege Gordon Johnsen preike i Orkdalskyrkja.

Vi ønsker Gordon Johnsen velkomen til Orkdal, og ønsker alle orkdalingar og andre velkomne til å møte ein akta og æra mann som har vidd livet sitt til hjelp for andre.

Det var overlege Gordon Johnsen som kjøpte Modum Bad i 1950 åra. I 1957 vart Modum Bads Nervesanatorium opna, og mange er dei menneske som har fått hjelp der. Overlege Gordon Johnsen har vidd livet sitt i arbeid for menneske med psykiske handicap. Arbeidsdagen har alltid hatt for mange timar, og eg har sjøl sett at heile natta har vore brukt i kamp mot menneskeleg lidning. Det står stor respekt av ei slik livsgjerning. Det er kristendom i praksis.

Festkvelden 18.sept. har eit variert program. Gode lokale krefter vil vera med: Anders P. Kvåle, Steinar Jakobsen, Liv Alfer og fleire. Gordon Johnsen held talen for kvelden.

Kvelden er lagt opp med tanke på alle aldersgrupper — unge og eldre.

Søndag 19.sept. vil Gordon Johnsen tale ved gudstjenesta i kyrkja.

«Lat oss gå på kyrkjeveg — glade både du og eg».

A.K.S.

## Orda dine

Menneska er ikkje vonde — Dei tenkjer berre ikkje — eller dei tenkjer ikkje rett.

Det er ikkje om å gjera å tenkje når du fortel om deg sjøl. Då treng du ikkje måla ut og gjera om

Gjerningane dine røper deg likevel.

Men når du talar om andre må du tenkje nøye:

Orda dine råkar kanskje eit sårt hjarte—eit hjarte som blør.

Og orda dine gjer kanskje vondt.

Du ser ikkje dei blødande hjarta. Men du må vera varsam så du ikkje let etter deg sår. Såra er vonde og gror seint.

Og du meinte det ikkje!

Det er berre få menneske som tenkjer rett:

I eit vart sinn, blir desse menneska til ljøs.

Dei lyser i mørket.

Dei strålar om dagen.

Det er desse menneska som gir livet mening og som gjer at du lever og ler.

Asbjørg Svare

## Historielagårbok 1976

I Øvre Orkdal hist.lags årbok for 1976 har eg tenkt å samla bilete, og skrive om dei som var prestar ved Svorkmo kyrkje på Smedhaugen i dei 50 åra ho stod der.

Såvidt eg veit var det Just Wide Coldevin som var prest der frå 1816 til 1825, Jonar Frost frå 1825-1845 og så Gamal-Bull frå 1845 til 1866.

Eg har bilete av Frost og Bull, men eg manglar av Just Wide Coldevin. Skulle det vera nokon som har eit bilete av denne presten ville eg vera mykje takksam om hist.laget kunne få låne det, for så og få laga ein klisje. Bildet vert like godt for det.

Skulle det ellers vera nokon som veit eller har noko å fortelja om denne kyrkja ville eg vera takksam om eg fekk vite det —.

Knut Liøkelsøy

## Pensjonistparti — eller anna satsing for eldre?

Vel, vi oppfordrar ikkje til politisk debatt. Det er nok av dei som driv den. Når vi no hevdar at dei eldre i samfunnet er vår mest forsømte gruppe, så er det sjølsagt eit politisk standpunkt. Men det vi vil her er ikkje å drøfte teorien, men apellere til praktisk innsats for å bedre eldremiljøet her hos oss.

Utgangspunktet er også praktisk og konkret forankra. Nemleg årsmøtet til Orkland menighetssøsterlag 21. juni i år. Der blei det ein tildels livleg og engasjert debatt om eldremiljø og eldretilbod i vår del av prestegjeld og kommune. Det blei m.a. levert kraftige innlegg om aldersheimsak. Så her oppe ulmar det litegrann. Glør som snart kan bli til eit bål.

Framtida for menighetssøsterlaget har vore diskutert i fleire år. Årsmøtet kom kanskje ikkje med den veldige avklaring. Men det var klart at noe nedlegging kom ikkje på tale. Hovudsiktet blir no miljø og kontakt for dei eldre i soknet. Eittåringstjenesta og eldretreff fekk fornye støtte. Og det blei klart lagt fram program om at dette tilbodet galt alle eldre i heile soknet. Dette vil komande vinterhalvår bli ein prøvestein på om det let seg gjennomføre.

Kontingenten til menighetssøsterlaget vil ikkje lenger bli innkrevd på vanleg måte. Men ein postgiroblankett vil bli sendt til alle husstader i soknet. Alle vil bli oppfordra til å bruke denne etter hjertets indre tale. Vi treng å stå saman for å skape tryggleik og glede over dei eldre år og livskvelden.

Det er noe også som heiter ungdomsdiakoni, som ikkje må gløymast. Her vil kontakten mellom generasjonane bli ei viktig målsetting. Postgiroblanketten kan da også bli ei avstemming om folk ønskjer meir innsats for eldremiljøet. Dette vil bli ein verdifull peikepinn for drøftinga av menighetssøsterlaget si framtid. Sikkert vil desse opplegga også bli til verdifull impuls for eldrearbeidet andre plassar i prestegjeldet.

Bilda på denne sida syner to speidargutar som får innføring i problema med å vere blind. Her skal dei prøve seg fram i verda med solide bind for augene. Det andre bildet er frå det trivelege eldrebesøket i fekk på Solsjøleiren. Her kom mange frå heile Orkland sokn. Kaffien smakte godt, og generasjonstreffet var vellykka.



## Kurs i eldreomsorg

Frå 1.—3. des. blir det arrangert kurs i eldreomsorg for orkdalsmenighetene. Kursstad blir Svorkmo misjonshus. Kursledar er diakonikonsulent Jarle Aune. Emna som blir forelese i er: Aldringsprosessen—psykisk og fysisk. Kva vil det seie å bli gamal? Følgende av aldersforandringane. Besøkaren si haldning og ansvar. Dei eldre sine samfunnsrettar. Dei eldre i menighet og nærmiljø. Praktisk besøksteneste.

Kurset skal motivere og utruste til meir ansvar for dei eldre. Undervisninga blir på kveldstid. Interesserte kan melde seg på hos soknerådsformennene i kvart sokn. Orkland menighetssøsterlag står som praktisk arrangør.

## Helsing frå Menighetsbladet til åpninga av Orkdal sjukeheim:

«Sjukeheim betyr økte muligheter for å dekke kommunens behov i eldreomsorgen. Vi kommer ikkje utenom en sentralisert sjukehusutbygging, derimot må vi satse på en desentralisert utbygging av eldreomsorgen. Vi må ikkje se på sjukeheimen som en oppbevaring og samlingsplass for gamle, det er det vi nå skal arbeide oss ut av.»

(Sitat frå tale til helselaga i Vestnes ved områdeoverlege Heggdal — Helsenytt)



## Skogn misjonskor på songarstemne i Orkdal

Skogn misjonskor deltok i dagane 22. og 23. mai i songarstemne. Det var Trøndelag kristeleg Songarforbund som hadde sitt årlege stemne på Follo landsgymnas i Orkdal. I det nye gymnastikkbygget ved skolen var det store og gode lokaler både for konsertar, korøvingar og matservering.

Stemne starta kl. 16.30 laurdag med fellesøvingar. Deretter var det kveldsmat og festsamver.

Søndag føremiddag deltok kora ved gudstenester i kyrkjene rundt i kommunen. Sjukelhus og aldersheimar vart heller ikkje gløynde. Skogn misjonskor song i Geitastrand kyrkje.

Etter fellesmiddag og kvilepause byrja festkonserten kl. 16.00 der alle kor deltok. Kretssekretær Sverre Røvik talte, og ei musikkgruppe frå Melhus var med. Medlemmene der spela

cello og klaver og hadde og med ein songsolist.

Det vart ein triveleg tur for misjonskoret. Veret var det aller beste, og finare maidaagar kan knapt opplevast. En fekk høre mykje vakker song og musikk. Vår kristne song- og musikk-skatt er ei rik kjelde å ause av, og dei ymse kor hadde gjort eit godt forarbeid, slik at konserten låg på eit høgt nivå,—noko som musikkgruppa frå Melhus og må ha ein del av æra for.

Orkland mannskor som stod for arrangementet for stemna, skal ha stor takk for hyggeleg mottaking og godt arbeid frå først til sist. Takk også til heimane som ga medlemene i misjonskoret nattlosji.

Kr. O. (Skogn menighetsblad)

## Kong Olav har sluttet å røyke

Det trengs neppe noen intens forskning til millioner av kroner for å fatte at eksemplets makt er stor, at miljøet og de toneangivendes adferd spiller en ofte avgjørende rolle når det gjelder holdninger, vaner og oppførsel, og at ansvaret for miljø/adferd/vaner er større jo høyere anseelse man har forøvrig.

Fra tobakkindustriens synspunkt er den beste reklame de kan ønske seg nettopp fremstående mennesker som røyker. Hver eneste røyker er med på å rekruttere nye røykere, altså medansvarlige for at våre barn og vår ungdom blir en ny generasjon av røykere, skriver TOBAKKEN OG VI i nr. 1/1976.

Stadig flere informerte mennesker ser sitt ansvar her. For ingen ønsker å se sine egne barn som røykere — med alt det vi i dag vet at det innebærer.

I denne forbindelse er det en spesiell glede å kunne sitere «VG» som har kåret H.M. Kong Olav V som «Årets navn 1975» og skriver bl.a.:

«Kanskje skal vi også minne om at han har sluttet å røke — selv har han engang sagt at han bare har tatt en pause, men den pausen har vart i flere år nå.

Under oppholdet på Rikshospitalet for noen år siden var han nødt til å la være å røke, og etterpå bestemte han seg rett og slett for ikke å begynne igjen».

## Norges husmorforbund til aksjon mot passiv røyking

I et brev som Norges Husmorforbund har sendt til Helsedirektoratet i slutten av desember, 1975, heter det:

Norges Husmorforbunds arbeidsstyre behandlet i sitt møte 3. desember en henvendelse fra Kongsberggruppen av NH vedrørende «Passiv Røyking».

Kongsberggruppen peker spesielt på den skadevirkning, uten tvil, passiv røyking har hos små barn.

Små barn er totalt ubeskyttet i det miljø som omgir dem, og de puster uforskyldt inn den skadelige luft som er forårsaket av røyking.

Arbeidsstyret i Norges Husmorforbund ber derfor inntrengende om at den pågående kampanje «mot røyking» intensiveres spesielt når det gjelder skadevirkninger hos små barn.

Gerd Christensen



## Den nye menighetssekretæren

Jorid Opsal, Vinjeøra, artianar frå Orkdal gymnas 1976, er som kjent den nye «eittåringen» på Svorkmo. Ovanfor er ho avbilda saman med avtropsande eittåring Gunhild Bjørkhaug. Den eine (Gunhild t.v.) blei avsett og den andre (Jorid t.h.) blei innsett med gåvedryss på Solsjøleiren. Gunhild fekk sin takk m. a. i siste menighetsblad. No ønskjer vi Jorid velkomen. Ho tek til 20. august, og skal vere her til ut juni 1977. Då vonar vi at ein ny

har overteke stafetten. Det er framleis menighetsrådet og menighets-søsterlaget som har hovudansvaret for økonomien. Medan speidarane, eldrearbeidet m.v. får nytte godt av innsatsen. Jorid har fått fint hus på Svorkmo misjonshus, det er den gamle menighets-søsterbustaden ho flyttar inn i. Vi takkar Jorid for at ho var villig til å kome hit, og ønskjer lykke til for henne og oss!

## GÅVER til bladet

### ORKLAND

Oddveig og Lars Monseth, 10. O. Simoshaug, 20. Anne og J.M. Asbøl, 20 John Kvikne, 20. Ingeborg Berbusmel, 20. Kari og Magne Staveli, 25.

Valborg og Gunnar Hoseth 20. Marie og Ingebr. Asbølmo 10. Marta og John Fagerli 10. Jens og Jenny Indergård 20. Målfrid Kvikne 10. Jostein Dalen 20. Ola Ljøkjel 20. Anders Bonde 20.

Samuel Pettersen, 20. Magny og Styrkar Grønning, 20. Borghild og Jon Ljøkjel, 20. Hanna og Bjørn Løkken 20. Marit Hoston 20. Borghild og Anders Øyasæter 20. Anne og Ola Liam 20. Trond Liam 15.

Johanne E. Berbu 15. Oline og Andr. Solbu 10. Olav Øvervik 10. Jostein Vuttudal 20. Jostein Dalen 20. Hilda Solem 20. Johanna og Bjørn Løkken 20. Marit Hoston 20. Borghild og Anders Øyasæter 20. Anne og Ola Liam 20. Trond Liam 15.

### ORKDAL

Karen og A. Lodgård 20. B. og O. Fagerholt 25. Lava Mogseth 10. Ragnhild og John Meyer 25. Agnes og Ivar Sølberg 20. Dagmar Sundli 30. Bjørnhild og Leif Sveeggen 30. Inger og Ola B. Dahl 15. Karen og Per Dahl 15. Beret Metlid 20. Marie E. Gjønnes 10. Jenny Fossnm 20. Dagmar og Reidar Østeggen 50. Martin Sommervold 10. Alf Kjønlø 20. N.N. 20.

### ORKANGER

V. Swenson 20. Sigrid og Kr. Singstad 20. Reidun og Olav Hovsbakken 20. Marta Skjenald 20. Nanfrid Røhme 10. Reidun og M. Fandrem 20. Kari og Sigm. Konstad 20. Margit Vangen 10. M. og D. Ofstad 10. John Fagerholt 15. N.N. 10. Oddveig og Arnt Lien 20. Klara og Jostein Nervik 10. Gurdun Holdvakt 10. Eli og Arnold Ofstad 10. Karen Rikstad 10. Mary Sneve 15. Berit Solligård 10. Ragnar Karlisen 20. Gangaas 20. Borghild og Trygve Melby 20. Karen Swenson 10. Per Landrø, Gjelme 20. Helga Sletvold, Geitastrand 10.

### GEITASTRAND:

Dorteia Husdal 30. Johan Husdal 25.

### UTANBYGD

Solveig og Ole Bjerkeset, Batnfjordsøra 15. Karen Hassel, T.heim 300, (til minne om Kasper Hassel, Gjelme). Anne Løvås 20. A.H. Nødtvet

Molde 20. A. Skrondal, T.heim 30. Jenny Fuglerud, Sylling 20. Anne Bekkelund, Brumunddal 20. Oddbjørn Sundli, Sunndalsøra 20. E. Troøyen, Steinkjer 20. Margit og Asbjørn Lefstad, T.heim 20. Ingar Lund, Viggja 20. Klara og Anders Sve 20.

Joh. Asphjell, Rustefj. ma 25. Olaug og Svein Dalen NLH—As, 20. Ann Mari Tiller, Heimdal, 10. Bergliot og Alf Samset, Oslo, 20. Anna Nilsen, Tr. heim, 10. Anne og Odd Bakken, Oslo 20. Anna Hollum—Meistad, Børso, 10. Gunvor og J. Eidnes, Lofthus, 20. Ellen Richter, Charlottenlund, 10. Jon Lyng- en, Jeppstad, 10.

H.E. Tronvold, Mankato, USA, \$ 10. Johan Kn. Grostad, Selbekken, 10. Per Bakk, Sola, 20. Turid Woldheim, Halden, 10. Bjørg Reitan, Melhus, 10. Johanne Samdal, Tr. heim, 20. Hans Kringstad, 20. M. Hustad, Oppdal, 10. Ingebrigt Svorkmo, Oppdal, 15. Johanna Vilvang, Elvarli, 10. Hjørdis og Per Schiefloe, Mo i Rana, 15. Ingeborg og Bjarne Nilsen, Trh. 10. Audny Briseid, Iselew, USA, 25

Hjertelig takk!

### Eldres Hyggetime

Svorkmo misjonshus fredag 10.sept. kl.11.00.

### Pastor Harald Brandt

frå Norges Kr. Radio og fjernsynslag har møte på Svorkmo misjonshus tysdag 21.sept kl.20.00.

## Nedtrapping - -

Framh. frå s. 3.

viss innverknad frå organisasjonsliv og andre samfunnsfunksjonar. Vi trur det er eit galt program. Direkte feil målsetting. Vi bør passe oss for svenske idear. Det er stikk motsett. Det er skolen som må ut i samfunns- og organisasjonsliv. Programmet er altså: Mindre skoletid, meir samfunnskontakt for elevar og lærarar.

Om vi sparar pengar? Det var det som var overskrifta. Det er ikkje så sikkert. Det er snakk om ei klokare kanalisering av midlane. Men vi sparar noe, og det er det som er heile poenget. Vi sparar barn og ungdom for unødige problem og til passingsvanskar. Og vi gjer dei til «gangs menneske» som det så fint heiter i målsettinga.

## Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

## 80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

## Svorkmo Handelsamlag

## Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

## Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

## Ansvar —Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykel og traktor.

Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

## S Ø N D A G E R   K I R K E D A G

### 12.9. 13. s. etter triening

Orkdal krk. kl. 11.00 prost Rogstad  
Orkanger krk. kl. 11.00 spr. Rise nattverd. Offer til menighetsarbeidet.  
Kjørmoen Grendstuggu men.h. sekr. Solem. Offer til Søvasskjølen fjellk.

### 19.9. 14. s. etter triening

Orkdal krk. kl. 11.00 v/lege Gordon Johnsson og prost Rogstad. Nattverd Offer til Modum Bads nervesanatorium.

Moe krk. kl. 11.00 v. menighetssekr. Per Solem. Offer til IKO.

### 26.9. 15. s. etter triening

Prostiets kyrkjedag. Gudsteneste i Løkken kapell kl. 11.00

### 3.10. 16. s. etter triening

Orkdal krk. kl. 11.00 v/prost Rogstad Gullkonfirmantane jubilerer. Offer til misjon bak jernteppet.  
Orkanger krk. kl. 11.00 v/spr Rise og men.h.sekr. Solem  
Moe krk. kl. 11.00. Misjonsprest Otto Torvik. Offer til Muhammedanermisjonen.

### 10.10. 17. s. etter triening

Moe k. kl. 11. v. prost Rogstad. Nattv. Geitastrand krk. kl. 11.00 v/spr. Rise Offer til samemisjonen.

### I tida 28/10 til 10/10

blir det ein møteserie i Orkdal kyrkje — Kvar kveld kl. 20.00. Første veka blir kretssekretær Sverre Rørvik hovedtalar og andre veka blir det misjonær Gabriel Eikli. Elles deltar stedlege krefter og det blir musikk og song kvar kveld.

### Prostiets kyrkjedag

vil bli halden på Løkken 26/9. Det vert høgmesse på føremiddagen (v/spr. Olsen o.fl.)

Kl. 14.00 blir det festmøte der m.a. domprost Thor With vil ta for seg «Stat — kyrkje — problematikken». Både på føremiddag og ettermiddag vil song-krefter delta.

Vi voner at alle så langt det er råd, vil slutta opp om prostiets kyrkjedag og gjera den kjend. Vi treng å få styrkt fellesskapskjensla og også å få styrkt oss hjå kvarandre.

For prostrådet  
Kaare Rogstad  
Sokr.

Takk for sist! Vi har nå avsluttet misjonsturneen, og gjorde den til sent kommer til å glemme! Det var fantastisk rike dager vi fikk oppieva sammen med Gud, og sammen med dere. Vi vil derfor rette en hjertelig takk til alle som var med gjennom forbønn og praktisk arbeid, både før og under turneen, og gjorde den til det den ble for oss. Må Guds nåde være med dere, og må Han, Fredens Gud velsigne dere rikelig!

På Svorkmo fikk vi inn: 1025,40  
I Orkdal: 5848,05

Tilsammen, gjennom avissalg, gaver og kollekter, fikk vi inn kr. 28.686,85.

Disse pengene er, sammen med det de andre KA-gruppene i Trilag har samlet inn, sendt til læreskolestudentene på Madagaskar.

2. Kor. 9:11 - 12: Dere skal ha rikelig av alt, så dere gjerne vil gi. Og så skal takken stige opp til Gud når vi overbringer gaven. For denne tjenesten, som også er en gudstjeneste, er ikke bare en hjelp for de hellige i deres nød, den skal også vise sin overflod i at mange takker Gud.

### KA'n ved Orkdal vidaregåande skole

#### Misjonsprest Otto Torvik

frå Muhammedanermisjonen har møte på Svorkmo misjonshus søndag 3. oktober kl. 20.00. Om formiddagen gudsteneste i Moe kyrkje.

PRESTEKONTORET, Svorkmo  
kvar fredag 10 — 12

#### ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,  
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,  
Fannrem bokhandel, Einar  
Bjørndal, Fridtjof Digerås,  
Peder Tronvoll, Borghild Asp-  
hjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.  
Harald Hukkelås. Bankane.

#### ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

#### ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:

Bankane.

#### GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren



## Ei glede å gi?

På Solsjøleiren brukte vi original offerskål. Ein av Svorkmospeidarane sine nylaga kanoar tente til formålet. Pengane blei gitt til speidararbeider i Hong-Kong som for eit par år sidan blei starta av orkdalingane Eli og Emil Aarsheim. Misjonærene fortel at barnemiljøet omkring blei totalforvandla når speidararbeidet kom igang. Så dette ville vi gjerne støtte.

Det er mange som synest det blir for mye pengemas i kyrkjene. Offer ved gudstenestene høyrer med heilt frå tempelkista si tid. Det er ingen grunn til å bryte denne tradisjonen no når alle har meir enn enka sine to skjervar. «Vinn dykk venner med den urettferdige mammon», står det i skrifta. Det tyder utilsjørt vidare: Sats midlane dine på Guds rike! Det er m.a. ungdomsarbeid, menighetsarbeid, misjon, nødhjelp, kyrkjebygging, diakonale institusjonar osv. Offeret ved gudstenesta skal alltid minne oss om at vi er forvalttrar av tiltrudd gods som skal brukast rett.

Ei anna viktig side ved saka er at når det er rett fatt med oss blir ein glad ved å gi. «Gi til du blir rik og varm, rikest på det siste», syng vi med kraft i juleverset.